



TRACKSA norway

Nyhetsbrev 3. 2008

TRACKSA
UT I VERDEN

Tracksa fortset å bli lagt merke til ute i verden, i April vart vi omtalt i THE MARSHAL, dette er eit tidskrift utgitt av Motorsport safety foundation. Dei arbeider med motorsportsikkerheit over heile verden, og som rådgivarar for blant anna marshal organisasjonane rundt om i verden. Tidskriftet er blant dei mest velrenommerte i dette miljøet og det er svært hyggelig at dei bruker ei heil side på våre produkt .



TRACKSA I SØR AFRIKA

For 14 dager sidan mottok vi ein hyggelig mail fra ein person i Sør Afrika som ønskte sterkt å få Tracksa på plass i Sør Afrikansk motorsport. Vi vart litt overraska over denne henv, då vi ikkje trudde at SA var noko stort motorsport land. Men der tok vi grundig feil, Sør Afrika har enormt mange baner, og over 14000 lisensierte førarar, og eit enormt fokus på sikkerheit. Mannen som sendte mailen er heller ingen nybegynnar i motorsport, han sit i circuit safety panel og er President of the Motorsport South Africa Marshalling Panel.

Vi er i gang med samtaler med dei, med tanke på levering i løpet av 2009.

Tracksa er endelig i gang med levering av anlegg , og interessa har vært langt over våre forventningar.

NMK Gardermen var nr. 2 på lista som fekk vårt nye anlegg, og løpsdebuten kom alt helga etter. Tracksa var på plass for å bistå under denne debuten, men det visste seg ganske raskt at dei proffe arrangørene på Gardermoen hadde full kontroll.

Svensk debut

17 mai helga var det også duka for debut i det Svenske Meisterskapet i rallycross ekstrem, Tracksa var på plass og overleverte anlegget til det Svenske Bilsportforbundet, og løpet vart kjørt utan nokon form for problem. Dette anlegget skal brukast i ein

omfattande testrunde i regi av SBF, og vil bli kjørt på 10 ulike løp i 2008.

Stor etterspørsel Tracksa opplever i desse dagar ei svært stor etterspørsel etter vårt system. Vi er nesten sprengt på leveringskapasitet, og oppmodar derfor klubbar som planlegg investeringar i lysutstyr om å legge inn desse bestillingane snarast.

Dette har også samanheng med at i Norge så må vi også gjennomføre ei ny banegodkjenning for bruk av lys, og dette må samkjørast med baneseksjonen i NBF.

Startlys Tracksa er snart klar med våre aller første startlys, desse vert bygd etter internasjonalt lowerk og første anlegg vil bli installert å

Gardermoen. Vi har som målsetning å ha dette systemet klart til begynninga av Juni. Startlys vil i stor grad bygge på dagens søyler, men utan fot. Systemet blir levert for montering i bom.

EM i rallycross

På fjordårets EM runde i rallycross på Momarken vart Tracksa brukt på alternativsporet, i år har arrangørane både på Momarken og Højes bestemt at også dei resterande postane skal erstattast med lys.



Storbaneprosjekt på Anderstorp

Tracksa skal i samarbeid med Anderstorp Raceway og Bo Rundbørk, FIA CK utvikle og installere eit stort testanlegg for racing på Anderstorp. Racing sine spesielle behov vil bli bygd inn i dette systemet. Vi bygger no eigne løysingar med både enkle, doble og trippelposter for å kompensere for dei breie banetraseane og den høge hastigheita. Alle postane blir dessutan utstyrt med blått lys. Dette anlegget blir svært viktig for den vidare satsinga på storbaneanlegg.

